

Deltakaravgifter

Kunnskapsklynga er i hovudsak finansiert av deltakaravgifter. Nivået for desse vert vedtatt av styringsgruppa, der alle klyngedeltakarane er representerte. Inntektene vert brukte til klyngeaktivitetar som rådgjeving, fagseminar og formidling, til utlysing av prosjektmidlar, og til fagleg leiing og drift. Ideen er at deltakarane «får igjen» ein god del midlar i form av støtte til fagutvikling, forsking og formidling, men også at klynga skal løfte kvaliteten i desse aktivitetane, gjennom rådgjeving, kompetansedeling og samarbeid.

Kriterium for differensiering av deltakaravgifter

Differensiering skjer etter aktuell bruk av klynga sine ordningar, knytt til klyngerelaterte faglege årsverk:

- For kommunar og helseføretak vert det differensiert etter tal årsverk av musikkterapitenester. Dette kriteriet skal *ikkje* tolkast som at det berre er musikkterapeutar som kan bruke ordningane. I søknader om støtte til prosjekt og formidling, er det t.d. svært ønskeleg at både brukarar og fagpersonar frå ulike fag og profesjonar er involverte.
- For organisasjonar innan forsking og kompetanse, vert det differensiert etter tal klyngerelaterte faglege årsverk. Ph.d.-kandidatar og forskarar i prosjektstillingar tel med, då desse ofte er aktive brukarar av klynga sine ordningar. For forskingsgrupper i musikkterapi, vert 100 % av dei faglege årsverka rekna med. I andre relevante forskingsgrupper ved universitet/høgskular vert 25 % av årsverka rekna med, medan 10 % vert rekna med for andre forskingsinstitutt/kompetansemiljø.

Gjeldande nivå

For 2022 er deltakaravgiftene (i kroner) sett til dei nivåa som går fram av tabellen nedanfor, der F står for klyngerelaterte faglege årsverk ved starten av kalenderåret deltakaravgifta gjeld for:

	<u>1) F < 2</u>	<u>2) F ≥ 2 og < 6</u>	<u>3) F ≥ 6 og < 12</u>	<u>4) F ≥ 12</u>
Enkeltdeltakar	70 000	140 000	210 000	280 000
Undergruppe	140 000	210 000	280 000	350 000

Desse nivåa vil gjelde fram til styringsgruppa eventuelt vedtar nye nivå for seinare år. Det er eit mål at deltakaravgiftene skal vere stabile eller gå nedover, etter kvart som kunnskapsklynga veks og utviklar seg.

Vilkår ved innmelding i kunnskapsklynga

Styringsgruppa har vedtatt følgjande ordningar ved innmelding i klynga:

- Det er deltaking *utan* avgift resten av det kalenderåret ein melder seg inn
- Det er halv avgift det første fulle året som klyngedeltakar.

Grunnen til at POLYFON ønskjer å gjere terskelen for å melde seg inn låg, er at aktørar i ein tidleg fase når det gjeld utvikling av musikkterapirelatert aktivitet kan ha stor nytte av fagfellesskapen i klynga.

Dei to tilknytingsformene

Organisasjonar melder seg inn i kunnskapsklynga som enkeltdeltakar eller gjennom gruppemedlemskap. Vi tilrår at både økonomiske og faglege vurderingar tel med ved val av tilknytingsform:

- Store organisasjonar og/eller organisasjonar med ei tydeleg satsing på musikkterapi er ofte tente med å være enkeltdeltakarar, då det gjev direkte representasjon i styringsgruppa og gode vilkår for å samordne teneste-, kunnskaps- og kompetanseutvikling i eigen organisasjon.
- Organisasjonar som har sterkt tradisjon for eller stort behov for samarbeid og samordning, kan vere tente med gruppemedlemskap. Som det går fram av klyngeavtalen, må organisasjonane i ei undergruppe inngå skriftleg avtale seg imellom og gje ein av dei fullmakt til å koordinere det faglege samarbeidet i undergruppa, representere i styringsgruppa og representere i eventuelle rettslege og økonomiske spørsmål knytt til klyngedeltakinga.